

SAK OM BYRKJO (1293 – 1303)

FØREORD (fakta iblanda lett tankedryss – Knut Finne, feb. 2024)

«Einar Pinnung heitte ein mann for lenge sidan. Han forvalta eigedom og eigde ei tid jord på Dyrvedalen på Voss. Jorda hans låg i det fruktbare dyrkingsbeltet på garden Byrkjo på nordsida av Vangsvatnet og talde 11 månadsmatabol etter gjeldande takst i året 1293.

I takseringa av jord på Voss på 1200-talet nytta ein omgrepet månadsmat som grunnverdi. Ein måndasmat var mat nok til ein mann i ein månad, enkelt og greitt! Kosthaldet varierte også den tida, rimelegvis, men om ein reknar all føda om til smør, så var ein månadsmat omtrent 15 kg smør.

Eit månadsmatabol (mmb) var eit jordstykkje, åker eller eng, som var rekna for å vera produktivt nok til at det skulle svarast ein månadsmat i årleg jordleige. Einar hadde temmeleg sikkert avtale med ein bygslingsmann som dreiv jorda saman med familien sin og Einar kunne då forventa å få 165 kg smør i årleg leige for eigedomen sin på Byrkjo. Landskyld kalla ein slik årleg leige. Landskylda vart som regel betalt i naturalia og svara til ein viss prosent av samla forventa avling på det aktuelle stykkjet.

Til liks med Einar var det mange som dreiv med kjøp og sal av eigedom på Voss på 1200-talet. Fleire dreiv forretninga frå eigen setegard, ofte ein gard som hadde vore i ætta i mange generasjonar, og investerte gjerne ein del av overskotet frå gardsdrifta i jordeigedomar som var til sals andre stader i bygda og jamvel utanfor bygda. I dei økonomiske oppgangstidene i Noreg frå ca. 1250 og fram til 1349, var det lett å finna leigetakarar til å driva slike spreidde jordlappar. Dette gav nye inntekter til eigaren i form av landskyld, som i sin tur kunne re-investerast i meir jord. Fleire slekter på Voss dreiv denne forma for aktiv eigedomsforvaltning i mellomalderen og nokre få bygde seg opp til å forvalta store verdiar. Det kunne minna om eit monopolspel der fruktbar dyrkingsjord, som regel, men også rike lakserettar og stølsrettar, var ettertrakta investeringsobjekt i bygda.

Ei landskyld på 165 kg smør var langt meir enn Einar såg seg tent med å eta sjølv, så smørmengda vart ført ut av bygda med hest og kløv til Bolstad, vidare vestover med skip på fjorden, og så omsett på den største og viktigaste marknaden i Noreg og Norden på den tida, Bjørgvin, med Bryggen som eit bankande hjarte for handel med inn- og utland. Her kunne smøret bytast i anna vare eller verdien gjerast om til reine sylvpengar. Kva Einar tok i byte for smøret veit me ikkje, men det kan ha vore honning, tørrfisk, tørka druer som han kalla vinbær, druer i flytande form i krukker eller på fat, kostbare tekstilar, finsko, smykke, eller reine pengar.

Slik betalte den gode jorda på Byrkjo seg år etter år og var til gagn og glede for Einar jordeigar og for bygslingsmannen hans.

Men Einar skulle ikkje få ha jorda si i fred. Brørne Odd og Hollrod, søner av den mykje akta Halle Bonde på Rogne, sette i 1293 fram krav om at jorda på Byrkjo var deira rettmessige odel. Odd, med sete på ættegarden Rogne, og broren Hollrod på nabogarden Ringheim, var innflytelsesrike menn og drevne aktørar i spelet om dyrkingsjorda på Voss. Hallesønene var vel vitande om at ætta i tidlegare tider hadde eigd og rådd med desse 11 mmb på Byrkjo. Odelskrav og løysingspengar vart lagde fram for Einar. Det var tid å ta tilbake.

Einar var ikkje glad. Han nekta å ta i mot løysingspengane og avviste kravet frå Odd og Holrod. Ein ny eigedomstvist i jordbruksbygda Voss var eit faktum. I februar 1293 stemmer soleis partane til Sigurd lagmann på Aga i Hardanger. For med lov og rett - og ikkje med ulov - skal tvistemålet løysast».

Her fylgjer kva som vidare skjer i saka i direkte avskrift av dei 9 aktuelle rettsdokumenta frå perioden 1293 -1303. Dokumenta er omsett til nynorsk av Andreas Leiro [Mellomalderbrev frå Vossabygdene].

Saka kan delast i 3 bolkar: 1. Partsforklaringa gjeve til Sigurd lagmann på Aga med påfølgjande dom skriven av Sigurd i Bergen i februar 1293 og stadfesta av kong Eirik Magnusson kort tid etterpå (dokument 1 og 2). 2. Førebuing til gjenopptaking av saka i 1302 og 1303 med talrike vitneutsagn, også falske utsagn (dokument 3, 4, 5, og 6). 3. Forlik mellom partane i Bergen i desember 1303 kunngjort og besegla av Hauk lagmann og Ivar lagmann og stadfesta av kong Håkon Magnusson (dokument 7, 8 og 9).*

* Hauk Erlendsson frå Island, mest kjend som forfattar/redaktør av sagaskriftet «Hauksbok». Seier noko om det «akademiske nivået» ein kunne forventa av ein lagmann på denne tida.

DN II nr. 32.

1. Februar 1293.

Bergen.

Til alle Guds og sine vener som ser eller høyrer dette brevet, sender Sigurd lagmann Guds og si helsing. Eg vil gjera kjent for dykk at brørne Odd på Rogne og Hollrod på Ringheim, og Einar Pinnung kom til meg på Aga og bar der fram søksmålet sitt om Byrkjo. Og av di at eg ikkje såg noko sannare og det heller ikkje vart prova for meg, anna dei brørne var dei rette odelsmennene til desse eigedomane og hadde søkt dei på lovleg måte og ført fram odelsvitne, so tildømde eg dei brørne førnemnde jord, og Einar skal gje henne frå seg. Eg forbyd kvar mann å bryta denne domen. Men den som det gjer, må svara for det slik som den etter lovene skal gjera, som bryt lagmannens dom og orskurd som han stadfester med sitt brev og segl. Dette brevet vart gjort i Bergen i andre veka av langefasta i 13. året åt den vyrdelege herre Eirik, Noregs konge og Håkon Noregs hertug, bror hans.

2. 3. mars 1293.

Bergen.

Eirik Magnus, med Guds miskunn Noregs konge, og Håkon med den same miskunn Noregs hertug, søner åt kong Magnus, sender alle dei menn som ser eller høyrer dette brevet Guds og si helsing. Me vil at de skal vita at me såg brevet åt lagmannen herr Sigurd som han har gjort for sin orskurd or lova mellom Odd på Rogne og Hollrod på Ringheim, bror hans, og Einar Pinnung om egedomen Byrkjo, at det er odelen åt dei brørne, og dei skal ha denne egedomen. Og avdi me synest at dette er gjort etter lova, så stadfester me den lovorskurden hans med dette vårt brev og segl og forbyd kvar mann å bryta han eller å få andre til å bryta avgjerda. Men den som det gjer med urette han skal sanneleg vita at han skal svara for det slik som lova vitnar for den som bryt vårt brev og skiplar lagmannens orskurd. Dette brevet var gjort i Bergen tysdagen i 3. veka av langefasta i 13. året av vår styringstid.

DN I nr. 99.

(Sjå I nr. 97, 98, 100)

3. Kring 1303.

Bergen.

Til alle dei menn som ser eller høyrer dette brevet, sender Arne i Grasgarden, Jon notarius, Peter på Finne og Orm Kavle Guds og si helsing. Me vil gjera kjent for dykk at me var til stades i fjor haust på Vangen, då Gard på Vinjo og Styrkår vitna med dei orda, at dei såg handslaget åt Einar Pinnung, Odd på Rogne og Hollrod på Ringheim nede på Aga hjå herr Sigurd lagmann, og at han fastsette at dei brørne, Odd og Hollrod, skulle ha og eiga fritt for kvar mann 11 månadsmatbol i Byrkjo, som Einar før hadde ått. Men han skulle ha dei pengane for jorda som dei tidlegare hadde bode han, og som då låg i kyrkja på Vangen. På det svor dei lovleg eid, med Einar og Solveig og mange andre gode menn hjåverande. Og til sant vitnemål sette me segla våre ved dette brevet.

4. Kring 1303.

Bergen.

Til alle dei menn som ser eller høyrer dette brevet, sender Arne i Gragarden, Jon notarius Torsteinsson og Orm Kavle Guds og si helsing. Me vil at de skal vita at Gard på Vinjo og Styrkår vitna at dei var til stades på Aga hjå herr Sigurd lagmann, og der gav Einar Pinnung, Odd på Rogne og Hollrod på Ringheim kvarandre hendene, og herr Sigurd fastsette at Odd og Hollrod skulle ha og eiga fritt for kvar mann 11 månadsmatabol i Byrkjo, som dei lenge hadde trætta om. Men Einar skulle ta imot dei pengane som dei før hadde bode han for Byrkjo og som no låg i kyrkja på Vangen. Og deretter svor dei full eid. Etter det vitna desse mennene med handslag for Hollrod og Andres, mågen hans, og Halle på Rogne: Bjarne klokkar, Erlend Gjomann og Svein Matsson at dei var til stades på Vangen i prestestova, og såg handslaget åt sira Peter og Einar, at sira Peter selde til Einar på vegne av Margreta, kona åt Askatin, 12 månadsmatbol i Tøn, og Einar gav sira Peter dei pengane som Hallesønene la i Vangskyrkja, og som Einar skulle ha for Byrkjo. Men for Einar vitna desse: Sigurd Snjalle, Sigurd Skjalg og Askjell Sakasvein og Torbjørn på Kvåle, at dei var til stades på Vangen, i Halldorsstova, og såg handslaget åt Hallesønene og Einar Pinnung, og at Hallesønene betalte Einar 12 månadsmatbol i Tøn for dei 11 i Byrkjo, og at Einar skulle ha det like påkravlaust som Byrkjo. Han åtte då den jorda. Og dei la til at, at dei 4 månadsmatbol som Odd Kægda gjorde krav på i Tøn, gjekk sira Peter god for at Einar skulle ha, fritt for Odd Kægda. Lagmannen og andre gode menn som denne saka vert anka inn for, kan ta kvart vitne som dei synest er lovlegare. Og til sant vitnemål sette me segla våre ved dette brevet.

5. Udatert. Kring 1303. [Bergen]

Til heile rådet i Bergen åt min herre Håkon, Noregs konge, sender Solve, prest på Vangen på Voss, Peter Bonde på Finne Guds og si helsing. Det vere kjent for dykk, at dette var svara åt Halle Bonde nyleg då dei hadde stemna om Byrkjo-saka, at Halle baud Håkon lov og rett, og bad han høyra sine forklaringar, men Håkon sa at det fekk han ikkje lov til og gjekk ut døra. Då stod Halle opp og stemnde han inn att til å høyra hans utgreiingar om det som Håkon klagga på han. Då vitna desse menn for Halle Bonde, at dei var inne i stova på Vangen og såg på at pengane vart betalte for Byrkjo på vegne av Odd bonde på Rogne og brørne hans, og Einar Pinnung tok imot, og tok dei i handa på at dei skulle eiga Byrkjo fritt for han. Og dagen etter stemnde Halle Bonde Håkon på nytt til å høyra hans forklaringar, men han kom ikkje. Der tok halle Bonde desse menn til vitne den dagen: Sigurd Torbjørgsson (Torbjørnsson), Åsbjørn Steinarsson, og Jørund på Rekve og Erlend på Grjotland vitna for Halle at dei var til stades i kongsgarden i Bergen då Solveig, mor til Håkon, vedgjekk at ho hadde betalt desse mennene for å vitna slik som dei gjorde om Byrkjo: Aslak Stump og Askjell Sakasvein. Og til sant vitnemål om at me var til stades ved desse hendingane sette me segla våre under dette. In Christo valet.

6. Kring 1303. [Bergen]

Til alle menn som ser eller høyrer dette brevet, sender Arne i Grasgarden, Jon Notarius, Peter på Finne, Erlend unge, Arne Pålsson, Bjørn Buksson, Narve på Bryn og Orm Kavle Guds og si helsing. Me gjer dykk kjende med at Sigurd Skjalg og Halvard Sigvaldsson vedgjekk for oss at dei var til stades i fjor vår i Bergen i øvste bygningen i sjøhusa i Buagarden då Einar Pinnung gav dei fire felagane Askell Sakasvein og Torbjørn på Kvåle, Sigurd Snjale og Sigurd Skjalg sitt månadsmatbol kvar av dei i den jorda som heiter Kyte og tredjeparten av all den landsskylda ein får av den jorda, dersom dei ville hjelpa han til sin rett i saka om Byrkjo og bera vitne mot sønene Andres og Halle, og det gav dei alle Einar handa på, at det skulle dei halda. Sigurd og Hallvard feste fullt vitnemål om, at so vart det gjort. Og dette ville dei bera fram og vitna på kvar stad som kongen og hans råd ynskte. (For) Sigurd er minst — — — å seia sant om dette, endå han var med i dette sambandet, at han svor ikkje på det, og han gav ikkje noko vitnemål om det. Til sant vitnemål sette me segla våre på dette brevet.

(Brevet noko øydelagt og er udatert.)

7. 6 desember 1303. [Bergen]

Til alle menn som ser eller hører dette brevet, sender Hauk lagmann og Ivar lagman Guds og si helsing. Me vil at de skal vita at Nikolausmessedagen *) i 5.året i styringstida åt kong Håkon, gav desse i kongsgarden i Bergen og i vårt nærvere, kvarandre hendene på, - på den eine sida Anders Pålsson på Ringheim, Halle på Rogne, og på den andre sida Solveig, husfrua i Buagarden, med det skilordet at Solveig gav opp det krav som ho hadde på 11 månadsmatbol i Byrkjo på Voss, slik at dei og deira ervingar skulle vera fri for krav på det frå henne og hennar ervingar. Men dei lova på si side å hjelpa Solveig til sin lovlege rett etter sin beste kunnskap, dersom ho hadde noko rettskrav mot ervingane åt sira Peter på det 4 månadsmatbolet som det vert sagt at han gjekk god for at Einar Pinnung skulle ha i Tøn, fritt for Odd Kægda. Likeins vedgjekk Solveig for oss, at ho hadde gjeve Askjell Sakasvein og Sigurd Skjalg betaling for å bera fram det vitnemålet som dei hadde gjeve i Byrkje-saka for Nikolaus lagmann. Desse mennene var til stades: Benedikt på Haugo, Hallstein Brase, Jørund på Rekve, Arnfinn Trinung, Erlend på Grjotland, Sigurd Skjalg, Steingrim Askjellsson, Hallvard Sigvaldsson, Orm Jonsson og mange andre gode menn. Og til sant vitnemål sette me segla våre ved dette brevet, som vart gjort på førsagde dag og tid.

*) Nikolausmessa (Nilsmyss) 6.desember

DNI nr. 103.

8. Kring 1304. [Bergen]

Håkon, med Guds miskunn etc. Me vil at de skal vita at me såg det opne brevet med segla åt Hauk lagmann og Ivar lagmann under, og som her fylgjer brevet vårt, og vitnar om det forliket som vart gjort mellom Andres Pålsson på Ringheim og Halle på Rogne på den eine sida, og Solveig husfrua i Buagarden på den andre sida. Og fordi me tykkjer at dette forliket er rett etter lova, så stadfester me det med dette vårt brev ettersom det er gjort på lovleg måte. Me forbyd kvar og ein å bryta dette forliket eller få andre til å gjera det, utan at den som det gjer, vil bøta for det slik som lova fastset for den som bryt lovleg semja eller den skipnad som kongen sjølv stadfester med sitt brev, og åtte merker i brevbrot til oss. Dette var gjort i Bergen etc.

DNI nr. 106.

9. Utan dato. [Bergen]

Til alle dei menn som ser eller høyrer dette brevet, sender Jon notarius, Orm Kavle, Svein Bjarnesson Guds og si helsing. Me vil at de skal vita at me såg brevet frå herr Hauk lagmann og Ivar lagmann i Bergen, som vitna ord for ord: (So fylgjer brev nr 97). Dertil såg me stadfestingsbrevet åt vår vyrdelege herre, kong Håkon, som han hadde gjeve på denne semja, vitnande ord for ord (So fylgjer brev nr 103).